



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

## (MØTEBOK)

### FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Hans Erik Waage, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg. Grete A. Herøy og Rune Minde på Teams.

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 10 - 11/2020

F 12/20	<b>GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERAT FRÅ 22.09.2020</b>
<b>Vedlegg</b>	Møteboka frå 27.10.2020 Innkallinga til møtet 01.12.2020
<b>Vedtak:</b>	<b>Referat godkjent utan merknader.</b>

F 13/20	<b>ORIENTERINGAR</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lønsplassering</li><li>• Samarbeid med Aider</li></ul>

F 14/20	<b>REFUSJONSORDNINGANE MED AUSTRHEIM</b>
	<p><u>Bakgrunn:</u> Fedje sokn har i mange år hatt eit felles konfirmantarbeid med Austrheim. I si tid vart det inngått ein avtale mellom sokna, at Fedje sokn skulle dekkja 5% av Jostein Hauge si løn for å administrera det felles konfirmantopplegget. Det vert kvart år sendt refusjonskrav på dette.</p> <p>Austrheim sokn krev inn eigenbetalinga for alle konfirmantane. Dette gjeld også Fedjekonfirmantane. Austrheim sokn betalar også alle utgiftene for alle konfirmantane. Ein gong for året sender kyrkjekontoret på Austrheim eit refusjonskrav til Fedje der utgifter i forhold til tal på konfirmantar på Fedje og inntekter i form av eigenbetaling vert sett opp mot ein annan.</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

## Fedjekyrkja

- Før Mia Krüger Etokebe slutta hadde ho også ansvaret for konfirmantundervisninga for konfirmantane i begge sokna. Mestedelen av denne tida hadde Austrheim Sokn arbeidsgjevaransvaret åleine. I den perioden mottok Austrheim sokn også trusopplæringstilskotet for begge sokna – og hadde på den måten inntektene. Mia hadde også ansvaret for annan trusopplæring på Fedje. Siste året Mia var i arbeid, mottok Fedje sokn trusopplæringstilskotet til Fedje. Fedje mottek no trusopplæringstilskotet på sjølvstendig grunnlag.
- Konfirmantundervisninga no vert utført av Amelie Knieriem, med hjelp av soknepresten. Amelie vert løna av Austrheim sokn i 30%, der ein del av løna er dekkja inn av gjevartenesta til Austrheim sokn. For tida dekker ikkje Fedje sokn noko av denne stillinga.
- I fjor haust vart det laga ein avtale der Leif Arne Økland er kyrkjeverje på Fedje i 20% og Evy Beate Uthaug er sekretær i 20% for Austrheim Sokn. Austrheim sokn sender refusjonskrav på Leif Arne Økland si løn og Fedje sokn sender på tilsvarande måte eit refusjonskrav på Evy Beate Uthaug si løn.
- På Fedje har vi det siste året brukt Jostein Hauge til å hjelpa oss med diverse: Teknisk bistand i kyrkja for å få på plass lyd og bilete løysingar. Vidare har vi brukt han som superbrukar på gravferdsprogrammet vårt. Her har han ordna alle gravfelta på Bøgardsvika gravplass digitalt, slik at Evy har kunna leggja inn rette opplysningar på kvar grav. Før dette vart gjort stemte ikkje dei digitale gravfelta med terrenget. Dette er no i orden. Jostein skal brukast seinare for å laga digitalt gravkart for gravene rundt kyrkja. Vi kjem også til å bruka Jostein med å tilpassa det tekniske utstyret på kontoret og opna opp for den digitale arkivløysinga. Vi har ikkje faktuerert Fedje sokn for dette arbeidet.
- I forhold til den digitale kyrkjeplattforma vi no brukar (Kirkpartner), er Fedje Sokn eit underbruk av Austrheim Sokn. Dette sparte Fedje Sokn for alle etableringskostnadane. I praksis er soknet ei sjølvstendig eining på denne plattform, med si eiga epostadresse og sitt sjølvstendige område på plattform. No forskotterar Austrheim Sokn for alle brukarane på Austrheim og Fedje. Fedje sokn kjem difor til å refundera abonnementskostnadane for Evy, som Austrheim Sokn no



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>forskotterar. Kyrkjeverja sender refusjonskrav på dette 1 gong i året.</p> <p>Det er ønskeleg at soknerådet drøftar praksisen med alle refusjonsordningane vi no har. Den opprinnelege avtalen om 5 % lønnskompensasjon for å administrera eit felles konfirmantopplegg ligg uansett fast, slik kyrkjeverja ser det.</p> <p>At vi har brukt Jostein Hauge til nokre ekstra oppgåver bør etter kyrkjeverja si vurdering kunna liggja innanfor 5% ordninga og ikkje medføra ekstra fakturering.</p> <p>Det er likevel på sin plass å drøfta om ikkje Fedje sokn burde bidra meir i forhold til Amelie si stilling.</p> <p>Refusjon av abonnement for Evy for å vera på Kirkepartnerplattforma, bør etter kyrkjeverja sitt syn vera uproblematisk.</p> <p>Erfaringa med arbeidsdelinga mellom Evy Beate Uthaug og Leif Arne Økland har fungert tilfredsstillande, i alle fall etter kyrkjeverja si vurdering. Det er ikkje sett opp timeliste på arbeidsfordelinga mellom Austrheim og Fedje. Kyrkjeverja er likevel av den oppfatninga at det går meir enn 20 % av arbeidstida hans til å skjøtta oppgåvene som kyrkjeverje for Fedje, sidan mykje av arbeidet vert utført i tidsrom han ikkje er fysisk tilstades på Fedje. Det bør kanskje førast timeliste over ein periode for å synleggjera dette?</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Saka vert lagt fram som ei drøftingssak utan framlegg til vedtak.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<p><b>Fedje sokneråd dekker 1/3 av Amelie Knieriem si løn i 30% stilling vedrørende konfirmantundervisninga ho utføre på Fedje. Dette gjeld for årets konfirmantkull, altså perioden 01.09.2020 til og med 31.05.202.</b></p> <p><u>Sagt i møtet:</u> <u>Evy Beate Uthaug fører timelister.</u></p>

<b>F 15/2020</b>	<b>TILSETJING AV ORGANIST</b>
	<p><u>Bakgrunn:</u> Ole Henrik Vik er lærar på skulen på Fedje og har ein allsidig musikarbakgrunn. Han har vore under opplæring av Ivar Mæland, som går av 1. desember 2020. Tidlegare kyrkjemusikar hadde ved sin avgang ein stillingsprosent på 30%. Dette hadde han fordi han hadde ein del fleire oppgåver i lokalsamfunnet (blant anna direksjon) enn det som er</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>lagt til den nye organisten. Ivar Mæland hadde også lang reiseveg, som etterkvart vart lagt inn i stillingsprosenten hans.</p> <p>Ved at ny organist utelukkande skal konsentrera seg om kjerneoppgåvene i kyrkja, kan ein no gå ned på stillingsprosenten. Stillinga har vore lyst ut på NAV sine sider over ledige stillingar. Ole Henrik Vik har søkt på stillinga, akseptert vilkåra for denne og skrivt under på arbeidsavtalen.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd tilset Ole Henrik Vik i fast stilling som organist i ei 15% stilling med verknad frå og med 1. desember 2020, med ei prøvetid på 6 månader. Stillinga vert løna etter tariff. Organisten skal spela til gudstenester, kyrkjelege handlingar og sjukeheimsandakatar.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<b>Fedje sokneråd tilset Ole Henrik Vik i fast stilling som organist i ei 15% stilling med verknad frå og med 1. desember 2020, med ei prøvetid på 6 månader. Stillinga vert løna etter tariff. Organisten skal spela til gudstenester, kyrkjelege handlingar og sjukeheimsandakatar.</b>

<b>F 16/2020</b>	<b>BUDSJETT 2021</b>
<b>Vedlegg:</b> Budsjettkladd for 2021	<p><u>Bakgrunn:</u> Rådmannen sitt rammetilskot til soknet for 2021 er på 1,1 million kroner.</p> <p>I denne summen ligg det også ein kompensasjon for ekstra utgifter til bruk av eksternt rekneskapsfirma.</p> <p>Rammetilskotet for 2020 var på 1,227 million kroner. Slik kyrkjevevja har forstått det var ramma høgare i 2020, grunna ekstra kostnader til utbetringar.</p> <p>Pensjons og arbeidsgjevaravgifta var stipulert høgare i 2020 enn den blir i 2021. Dette skuldast at kyrkjevevja brukte Austrheim sine satsar for å berekna desse utgiftene i fjorårets oppsett. Fedje har lågare satsar og dette er det no korrigert for i 2021.</p> <p>Framleis er det slik at kyrkjekontoret styrer kyrkja sin økonomi i blinde, sidan økonomikontoret av ukjente årsaker ikkje har kunna levera dei tenestene dei skal på rekneskap og løpande føring av soknet sine utgifter og inntekter. Sidan dette er eit brot på tenesteytingsavtalen har rådmannen akseptert at soknet får kjøpa sine tenester frå eit eskternt rekneskapsbyrå.</p> <p>Soknet har inngått ein avtale med Aider, som også har tatt jobben med å føra kyrkjerekneskapen frå og med 2016 og framover. Dei skal også</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>føra soknet sin rekneskap for 2019 og 2020. Frå 2021 overtek Aider ansvaret for føring av rekneskapen fortløpande og for alt av soknet si fakturering. Kommunen ønskjer sjølv å ha hand om lønskøyninga for soknet. All fakturering vil frå nyttår av bli elektronisk. Aider har spesialisert seg på kyrkjerekneskap og er sannsynlegvis det beste alternativet av eksterne aktørar.</p> <p>Når budsjettet for 2021 skal godkjennast må dette bli med atterhald av at vi ikkje har ein rekneskap å forhalda oss til. Likevel er lønsutgiftene kjente storleikar, som er den tyngste delen av budsjettet. Her er ramma etter kyrkjeverja si vurdering tilfredsstillande. Dei utgiftene vi ikkje har kontroll på, er kostnadane med dei gamle og uferdige rekneskapa frå og med 2016 og fram til no.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje Sokn godkjenner framlegg til budsjett for Fedje Sokn for 2021, slik det no ligg føre. Soknerådet tek atterhald om at det ikkje ligg føre ein rekneskap for 2019 og 2020.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<b>Fedje Sokn godkjenner framlegg til budsjett for Fedje Sokn for 2021, slik det no ligg føre. Soknerådet tek atterhald om at det ikkje ligg føre ein rekneskap for 2019 og 2020.</b>

<b>F 17/2020</b>	<b>JUSTERING AV FESTEAVGIFTER OG STELLEAVTALAR</b>
	<p><u>Bakgrunn:</u> Fedje Sokn har no eit avgiftsnivå som i stor grad samsvarar med det nivået som Austrheim Sokn har lagt seg på, med nokre unntak (gjeldande satsar frå 1.januar 2019). I motsetning til Austrheim har Fedje ei fredningstid på 20 år og ikkje 25 år som i Austrheim. Vidare skal gravminner på Fedje slettast når dei er 99 år gamle, mot 75 år i Austrheim. Reservasjon av grav har blitt sett til kr. 2000,- i gjeldande vedtak.</p> <p>Avgift på reservasjon av grav (skjer i tilfelle der gjenlevande ektefelle ønskjer å halda av grava ved sida av avdøydde), bør følgja nivået på den årlege festeavgifta. Denne er for tida kr. 300,- året, tidleg i festeløpet. Om ein gangar denne summen med 10 år, vert summen 3000 kroner. Høgare avgift på reservasjon av grav bør kunna bidra til at fleire unngår å reservera og dermed vert det ei innsparing på arealet.</p> <p>Kyrkjeverja kjenner ikkje til kor tid avgiftsnivået for gravstell sist vart regulert. Kostnaden for denne tenesta i Alver er til samanlikning 2000 kroner. Det vil difor vera rimeleg om Fedje Sokn hevar denne kostnaden frå 1.700, som er dagens nivå, til 1.900 kroner. I ein årleg</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>gravstellsavtale har ein blommar til 17.mai, til sommaren, til hausten og ein krans til jul. Vidare skal det betalast godtgjering til den som utfører gravstellet.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u></p> <p><i>Fedje sokneråd tilrår følgjande endringar på følgjande avgifter med verknad frå 1.januar 2021:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• <i>Kostnad for stell av grav vert heva frå kr 1.700 til kr 1.900 pr grav pr år. Årleg gravstell inneber kjøp av blommar til 17.mai og til sommaren, lyngplantar til hausten og krans til jul. I avtalen ligg også løn/godtgjering til den som utfører gravstellet.</i></li><li>• <i>Reservasjon av grav vert heva frå kr 2.000 til 3.000. Vidare vert det sett ei tidsavgrensing på 10 år for ein slik reservasjon. Reservasjon av grav utover denne perioden, må fornyast, men då i bolkar på 5 år. Innbetalt avgift vert ikkje refundert om den som har reservert ei grav døyr før reservasjonsperioden går ut. Avgiftsendringar må opp i kommunestyret til endeleg vedtak.</i></li></ul>
<p><b>Vedtak:</b></p>	<p><b>Fedje sokneråd tilrår følgjande endringar på følgjande avgifter med verknad frå 1.januar 2021:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Kostnad for stell av grav vert heva frå kr 1.700 til kr 1.900 pr grav pr år. Årleg gravstell inneber kjøp av blommar til 17.mai og til sommaren, lyngplantar til hausten og krans til jul. I avtalen ligg også løn/godtgjering til den som utfører gravstellet.</b></li><li>• <b>Reservasjon av grav vert heva frå kr 2.000 til 3.000. Vidare vert det sett ei tidsavgrensing på 10 år for ein slik reservasjon. Reservasjon av grav utover denne perioden, må fornyast, men då i bolkar på 5 år. Innbetalt avgift vert ikkje refundert om den som har reservert ei grav døyr før reservasjonsperioden går ut. Avgiftsendringar må opp i kommunestyret til endeleg vedtak.</b></li></ul> <p><b><u>Sagt i møtet:</u></b></p> <p>Soknerådet ønskjer at informasjon om justering av festeavgifter og stelleavtalar vert lagt ut på kyrkja si heime- og facebookside, samt sendt til Vatne og Nordhordland begravelsebyrå.</p>



## (MØTEBOK)

# SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Hans Erik Waage, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg. Grete A. Herøy og Rune Minde på Teams.

Frå kyrkjekontoret: *Evvy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 15/20 – S 18/20

<b>S 15/20</b>	<b>GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 27.10</b>
Vedlegg: Referat og innkalling	Referat frå 27.10.2020 Innkalling dette møtet
<b>Vedtak:</b>	<b>Referat godkjent utan mernader</b>

<b>S 16/20</b>	<b>ORIENTERING</b>
Vedlegg:	<ul style="list-style-type: none"><li>• Digital julegudsteneste</li></ul>

<b>S 17/20</b>	<b>TRUSOPPLÆRINGSPLANEN – EIN GONG TIL</b>
	<p><b>Bakgrunn:</b> Fedje Sokn har ein trusopplæringsplan frå 2015, ført i pennen av tidlegare kyrkjevevjerje. Denne har følgt malen som var gitt frå sentralt hald i samband med trusopplæringsreforma. Planen er omfattande. Kwart sokn skal årleg levera rapport om bruken av trusopplæringsmidlane. For Fedje sin del utgjer desse om lag 44.000 kroner i årleg tildeling.</p> <p>I utgangspunktet legg reforma opp til at det totale antallet timar i trusopplæringa skal vera 320, for aldersspennet 0 – 18 år. Dei færraste av kyrkjelydane maktar å gjennomføra dette omfanget. Det bør vera ein intensjon om å oppnå dette timetalet på sikt. Samstundes må ein plan vera realistisk ut frå den realiteten ein står midt oppi. Kyrkja si trusopplæring er uavhengig av det løpande arbeidet som vert drive av frivillige organisasjonar. Det vil seia at kyrkja ikkje kan la andre organisasjonar si verksemd for barn og unge vera ein del av sin eigen trusopplæringsplan. Kyrkja si trusopplæring er mest prega av å vera tidsavgrensa og meir punktuelt – og ikkje på</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

## Fedjekyrkja

same måte kontinuerleg som organisasjonane driv det. Samstundes er jo dette trusopplæring også – men likevel ikkje definert inn i ein plan.

Uansett vil gjennomføring av trusopplæringstiltaka vera avhengig av ein kombinasjon av tilsette og friviljuge.

For tida er det berre presten og konfirmantlærer som er tilsett for å driva trusopplæring på Fedje. Alt anna må gjerast friviljug eller med innleigd arbeidskraft.

Ut frå innhaldet i gjeldande trusopplæringsplan, så skulle organist på det tidspunktet også drifta tensingkoret. Eg har forstått det slik at det ikkje har vore eit tensing kor på Fedje dei siste åra. Tidlegare hadde ein også ein 10% ressurs lagt til Fedje, for trusopplæring utanom konfirmanttida og utdeling av kyrkjebøker. Dette var i det tidsrommet Wilco Vogelaar var tilsett i Radøy, Austrheim og Fedje som trusopplærer. Wilco har spesialisert seg på ein forteljingsmetodikk kalla «Gudsrikeleiken». Tidlegare kyrkjeverje hadde etter Wilco slutta i Austrheim og Fedje, ein 10% stillingsressurs for å driva trusopplæring på Fedje.

Det siste året har Jostein Husa vore inne og drive alpha kurs for ungdom, som vart avslutta i februar i år. I haust skal han ha 2 kurskveldar for 5. og 6.klasse i korleis bruka bibelen. Dette har samanheng med utdeling av biblar til same aldersgruppe. Han startar også opp med bibelgruppe for ungdom (aldersgruppa 13 – 18 år) og har lagt opp til 4 samlingar no før jul. Grunngevinga hans har vore å variera litt og at det kan vera aktuelt å ta opp igjen konseptet med ungdomsalphapå eit seinare tidspunkt. Jostein leiger seg ut vi sitt eige firma for å driva desse tiltaka.

Ut frå gjeldande tiltaksplan vert følgjande tiltak ikkje gjennomført:

- Dåpsskule for 5 – 7 års alder (forteljingar etter metoden «Gudsrikeleiken»).
- La det gro for 11 års alder. (Gudsrikeleiken)
- Ungdomsklubben (13 – 17 år)

Det som er annleis i forhold til gjeldande tiltaksplan er følgjande tiltak:

- Bibelkurs (10 – 11 år) – i samband med utdeling av bibel. (Jostein Husa).
- Leiartrening for ungdom etter konfirmasjonstida (konfirmantlærer). Dette er eit samarbeid med Austrheim.
- Ungdomsalphapå/bibelgruppe 13 – 18 år. (Jostein Husa).

Å gjennomføra trusopplæringstiltak med metoden «gudsrikeleiken», krev at ein har personar som kan dette og som har interesse for å





# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

bruka metoden. Austrheim har noko utstyr til nokre forteljingar, som kan brukast på Fedje også. På den andre sida vil det vera fornuft i å gjennomføra trusopplæringstiltak med utgangspunkt i dei personane ein har og kva for interesser dei har. For tida har vi ikkje folk som kan bruka metodikken gudsrrikeleiken.

Dette året har vore spesielt, grunna koronakrisa. Uansett er det behov for å få på plass igjen tiltak som Tårnagent og Lys Vaken. Slik ressursituasjonen er i soknet, må desse tiltaka driftast av friviljuge. Dette bør drøftast i soknerådet.

Ut frå dagens realitetar foreslår kyrkjevevja at justert tiltaksplan kan sjå slik ut:

Alder	Namn på tiltak	Kor mange samvær	Samla timetal
0	Dåpssamtale	3	3
4	Utdeling av 4 års bok	1	2
7 – 8	Tårnagenthelg	2 (gudst. Inkludert)	12
11	Utdeling av bibel	3	6
11 – 12	Lys Vaken	2 (gudsteneste inkludert)	24
13 -18	Bibelgruppe/u alpha	10	20
15	Konfirmasjonstida	12	60
15 – 18	Leiartrening	10	40

### **Framlegg til vedtak:**

*Fedje sokneråd godkjenner endringane i tiltaksdelen av trusopplæringsplanen for Fedje sokn. Dette er oppdaterte tiltak i trusopplæringa for alderen 0 – 18 år:*

Alder	Namn på tiltak	Kor mange samvær	Samla timetal
0	Dåpssamtale	3	3
4	Utdeling av 4 års bok	1	2
7 – 8	Tårnagenthelg	2 (gudst inkludert)	12
11	Utdeling av bibel	3	6
11 – 12	Lys Vaken	2 (gudsteneste inkludert)	24
13 -18	Bibelgruppe/u alpha	10	20
15	Konfirmasjonstida	12	60
15 – 18	Leiartrening	10	40

### **Korrigerings frå soknerådet:**

Dåpssamtale: endre samvær frå 3 til 2 – samtale og gudsteneste

Soknerådet ønskjer trusopplærer – friviljug/lyse ut stilling?

Målgruppe friviljug/søkjar: elev på vidaregåande/student



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Sjå på aldersfordeling av born/unge – prioritering for fokus</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Planen vert gått gjennom ein gong til, for å fremja konkrete forslag til tiltak og personar ein kan utfordra til å gjennomføra tiltaka.</i></p>																																				
<b>Vedtak:</b>	<p><b>Fedje sokneråd godkjenner endringane i tiltaksdelen av trusopplæringsplanen for Fedje sokn. Dette er oppdaterte tiltak i trusopplæringa for alderen 0 – 18 år:</b></p> <table border="1"><thead><tr><th>Alder</th><th>Namn på tiltak</th><th>Kor mange samvær</th><th>Samla timetal</th></tr></thead><tbody><tr><td>0</td><td>Dåpssamtale</td><td>2</td><td>2</td></tr><tr><td>4</td><td>Utdeling av 4 års bok</td><td>1</td><td>2</td></tr><tr><td>7 – 8</td><td>Tårnagenthelg</td><td>2 (gudst inkludert)</td><td>12</td></tr><tr><td>11</td><td>Utdeling av bibel</td><td>3</td><td>6</td></tr><tr><td>11 – 12</td><td>Lys Vaken</td><td>2 (gudsteneste inkludert)</td><td>24</td></tr><tr><td>13 -18</td><td>Bibelgruppe/u alpha</td><td>10</td><td>20</td></tr><tr><td>15</td><td>Konfirmasjonstida</td><td>12</td><td>60</td></tr><tr><td>15 – 18 </td><td>Leiartrening</td><td>10</td><td>40</td></tr></tbody></table>	Alder	Namn på tiltak	Kor mange samvær	Samla timetal	0	Dåpssamtale	2	2	4	Utdeling av 4 års bok	1	2	7 – 8	Tårnagenthelg	2 (gudst inkludert)	12	11	Utdeling av bibel	3	6	11 – 12	Lys Vaken	2 (gudsteneste inkludert)	24	13 -18	Bibelgruppe/u alpha	10	20	15	Konfirmasjonstida	12	60	15 – 18	Leiartrening	10	40
Alder	Namn på tiltak	Kor mange samvær	Samla timetal																																		
0	Dåpssamtale	2	2																																		
4	Utdeling av 4 års bok	1	2																																		
7 – 8	Tårnagenthelg	2 (gudst inkludert)	12																																		
11	Utdeling av bibel	3	6																																		
11 – 12	Lys Vaken	2 (gudsteneste inkludert)	24																																		
13 -18	Bibelgruppe/u alpha	10	20																																		
15	Konfirmasjonstida	12	60																																		
15 – 18	Leiartrening	10	40																																		

<b>F 18/2020</b>	<p><b>OFFERSØKNANDANE 2021 OG FRAMOVER</b></p> <p><u>Bakgrunn:</u> Kyrkjekontoret får kvart år langt fleire søknader om offer enn dei ein kan innvilga. Offer til kyrkjelydsarbeidet er i tillegg eit kjærkome tilskot til drifta. Det er vanleg praksis rundt om at halvparten av kyrkjeofringane går til eiga verksemd. Vidare har det vore tradisjon for at offer til eksterne går til ein del faste aktørar/organisasjonar, som blant andre Kirkens Nødhjelp, Det Norske Misjonsselskap, Redd Barna og Fjon fjellkyrkje. Dermed vert det få aktørar igjen til fordeling. Kyrkjevevja foreslår difor at soknerådsleiar ilag med kyrkjekontoret får fullmakt til å setja opp offertildelingane.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje Sokneråd delegerer til soknerådsleiar og kyrkjekontoret å setja opp offerliste til gudstenestene framover. Halvparten av ofringane kan gå til kyrkjelydsarbeidet og eksterne offer vil for ein stor del gå til faste formål.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<p>Offertildeling fordelt av soknerådsleiar og kyrkjekontoret:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• 10/01 Kyrkjelydsarbeidet</li><li>• 31/01 NMS</li><li>• 21/02 Kyrkjelydsarbeidet</li></ul>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

- |  |  |
|--|--|
|  | <ul style="list-style-type: none"><li>• 21/03 Kyrkjelydsarbeidet</li><li>• 01/04 Fjon fjellkyrkje</li><li>• 04/04 Kyrkjelydsarbeidet</li><li>• 18/04 Sjukeheimsgudsteneste (ingen kollekt)</li><li>• 17/05 Redd Barna</li><li>• 23/05 Misjon uten grenser</li><li>• 29/05 Kyrkjelydsarbeidet</li><li>• 13/06 Kirkens SOS</li><li>• 04/07 Sjømannskyrkja</li><li>• 15/08 Kyrkjelydsarbeidet</li><li>• 29/08 Bibelselskapet</li><li>• 26/09 Kirkens Bymisjon</li><li>• 03/10 Kyrkjelydsarbeidet</li><li>• 07/11 Normisjon</li><li>• 27/11 Kyrkjelydsarbeidet</li><li>• 24/12 Kirkens Nødhjelp</li><li>• 26/12 Kyrkjelydsarbeidet</li></ul> |
|--|--|